

# MILJØRETTA HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE - GULEN - LINDÅS - MASFJORDEN - MELAND - RADØY

Barnebygg AS

Postb 353  
4291 Kopervik

MELAND KOMMUNE	
Rådmannskontoret	
14. Mars 2007	
L.nr. 07/3648	Saksh. HEI
Ark. 0444	Kass. _____
Saksbeh. 07/530-1	

Dykkar ref.

Vår ref.  
2006/4128 - 4524/2007

Saksbehandlar - tlf.  
Grethe Elin Mjelde - 56 37 57 70

Arkivkode  
1256 Meland

Dato  
09.03.2007

## GODKJENNING AV MARTHAAUGEN BARNEHAGE ETTER FORSKRIFT OM MILJØRETTA HELSEVERN I BARNEHAGAR OG SKULAR

Marthahaugen barnehage A/S søker om godkjenning etter "Lov om barnehagar" med forskrifter. Dette er ei 4 avd. barnehage for barn i aldersgruppa 1 - 5 år. Marthahaugen barnehage A/S eiges og drives av Barnebygg Gruppen as, men barnehagen er ein sjølvstendig eining med samarbeidsutval og foreldreråd.

### Tilsyn:

Med bakgrunn i søknaden gjennomførte teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde eit tilsyn ved Marthahaugen barnehage den 26.02.2007, etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.* Styrar Bente Tunestveit møtte for verksemda..

I fylgje søknaden har barnehagen har eit totalt netto leike- og opphaldsarealet på 425 m<sup>2</sup>, og eit leike- og opphaldsareal ute er på 2700 m<sup>2</sup>.

Rettleiande arealnormer tilseier eit areal på 4m<sup>2</sup> for barn over 3 år og 5,3m<sup>2</sup> for barn under 3 år. Barnehagen har dermed eit stort nok areal til å kunne ta i mot 106 barn over 3 år.

### Marthahaugen barnehage må ta omsyn til fylgjande:

- § 4 Internkontroll for verksemda må opparbeidast.
- § 9 Utforming og innreiing
  - Det må opprettas tilstrekkeleg med parkeringsplassar og trafikksikre tilførselsveggar.
- § 11 Måltid
  - Skal det vera oppbevaring og "frambod" av mat, må verksemda søkje Mattilsynet om godkjenning.
- § 14 Tryggleik og helsesemessig beredskap
  - Vaskerom må vera utilgjengeleg for barna.
  - Leikeplassutstyr må monterast og vedlikehaldas i samband med "*Forskrift om sikkerhet ved leikeplassutsyr*" og "*Norsk Standard NS-EN 1176 og NS-EN 1177.*"

Postadresse:  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Besøksadresse:  
Nordhordlandshallen Knarvik

Telefon: 56 37 50 00  
Telefaks: 56 37 50 01

Bankkonto: 7413 05 01005  
Organisasjonsnr: 935 084 733

## **VEDTAK:**

Etter delegert mynde frå Meland kommune, vert Marthahaugen barnehage godkjent etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skuler m. v.


Godkjenninga vert gjeve etter tilsyn den 26.02.2007.

Utbetringane vil vera aktuelle å ettersjå ved neste tilsyn.


Dersom barnehagen vert flytta eller endra utan at Meland kommune har godkjent forholdet, fell godkjenninga vekk.

Vedtaket er heimla i Lov om helsetenesta i kommunane § 4a-4 og i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular mv. § 6.

Med vennleg helsing



Tord Moltumyr  
Kommuneoverlege



Grethe Elin Mjeld  
Teknisk-hygienisk ingeniør

### Om klage over vedtak:

Etter forskrifta § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klaga må setjast fram innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Meland kommune, og må sendast via Miljøretta helsevern (Lindås kommune).

KOPI TIL: Meland kommune, Rådmannen  
Meland kommune, Komité for helse og velferd  
Meland kommune, Komm. avd for kultur og oppvekst/barnhagekons.  
Meland kommune, Kommunalavdeling for helse- og sosialtenester  
Meland kommune, Kommuneoverlege Tord Motumyr

**MILJØRETTA HELSEVERN**  
AUSTRHEIM - FEDJE - GULEN - LINDÅS - MASFJORDEN - MELAND - RADØY

**GODKJENNING**

**AV**

**MARTHAAUGEN BARNEHAGE A/S**

Grunnlag for godkjenning: **Inspeksjon i barnehagen den 26.2.2007**


Godkjenninga gjeld: **Miljøretta helsevern i barnehagar**

Godkjenning er gjeve i medhald av Lov om helsetenesta i kommunane § 4a-4 og i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular mv. § 6.

Verksemda må til ei kvar tid drivast i samsvar med gjeldande forskrift for miljøretta helsevern.

Frekhaug, mars 2007

  
Tord Moltumyr  
Kommuneoverlege

  
Grethe Elin Mjelde  
Teknisk-hygienisk ingeniør